

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 169/2004

av 3. desember 2004

om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg IV til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 102/2004 av 9. juli 2004⁽¹⁾.
- 2) Avgjerd nr. 195 av 23. mars 2004 om ein heilskapleg bruk av artikkel 22 nr. 1 bokstav a) punkt i) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 med omsyn til helsetenester under svangerskap og fødsel⁽²⁾, retta ved TEU L 212 av 12.6.2004, s. 82, skal takast inn i avtala.
- 3) Avgjerd nr. 196 av 23. mars 2004 om tolking av artikkel 22 nr. 1 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 for personar som får dialyse- eller oksygenbehandling⁽³⁾, retta ved TEU L 212 av 12.6.2004, s. 83, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg VI til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 3.47 (avgjerd nr. 163) og nr. 3.61 (avgjerd nr. 183) vert oppheva.
2. Etter nr. 3.70 (avgjerd nr. 194) skal nytt nr. 3.71 og 3.72 lyde:

”3.71. **32004 D 0481:** Avgjerd nr. 195 av 23. mars 2004 om ein heilskapleg bruk av artikkel 22 nr. 1 bokstav a) punkt i) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 med omsyn til helsetenester under svangerskap og fødsel (EUT L 160 av 30.4.2004, s. 133), rettet ved EUT L 212 av 12.6.2004, s. 82.

⁽¹⁾ TEU L 376 av 23.12.2004, s. 29, og EØS-tillegget til TEU nr. 65 av 23.12.2004, s. 20.

⁽²⁾ TEU L 160 av 30.4.2004, s. 133.

⁽³⁾ TEU L 160 av 30.4.2004, s. 135.

- 3.72. **32004 D 0482:** Avgjerd nr. 196 av 23. mars 2004 om tolking av artikkel 22 nr. 1 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 for personar som får dialyse- eller oksygenbehandling (EUT L 160 av 30.4.2004, s. 135), rettet ved EUT L 212 av 12.6.2004, s. 83.”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd nr. 195 og 196 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. desember 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 3. desember 2004.

For EØS-komiteen

Formann

Kjartan Jóhannsson

Sekretærar for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn

M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.